



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2019 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 983 450 326
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: TUSSA-24 AS
Forretningsadresse: Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Elling Andreas Dybdal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 27.05.2020

Grunnlag for avgivelse

År 2019: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2018: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2019

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 22.06.2021



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Energisal	3, 16	269 450 574	286 630 477
Anna driftsinntekt	3, 11	8 660 092	13 261 406
Sum inntekter		278 110 666	299 891 884
Kostnader			
Energikjøp og overføringskostnad	11, 16	243 738 283	267 624 963
Lønnskostnad	4, 5	13 810 064	15 823 285
Avskrivning	2	672 504	747 029
Annan driftskostnad	4, 11	15 354 315	14 206 077
Sum kostnader		273 575 166	298 401 353
Driftsresultat		4 535 500	1 490 531
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt frå føretak i same konsern		373 663	130 254
Anna finansinntekt	15	796 663	659 360
Sum finansinntekter		1 170 326	789 614
Rentekostnad til føretak i same konsern		1 634 258	1 331 554
Annan finanskostnad	15	7 762	6 325
Sum finanskostnader		1 642 019	1 337 879
Netto finans		-471 693	-548 265
Ordinært resultat før skattekostnad		4 063 807	942 266
Skattekostnad på ordinært resultat	12	947 669	392 884
Ordinært resultat etter skattekostnad		3 116 138	549 382
Årsresultat	13	3 116 138	549 382
Årsresultat etter minoritetsinteresser		3 116 138	549 382
Totalresultat		3 116 138	549 382



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
Overføringer og disponeringar			
Avsett til annan eigenkapital		3 116 138	549 382
Sum overføringer og disponeringar		3 116 138	549 382



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Programvarelisensar	2	1 048 915	1 319 883
Immaterielle egedelar under arbeid	2	485 184	
Utsett skattefordel	12	2 401 362	2 321 126
Sum immaterielle egedelar	2	3 935 460	3 641 009
Finansielle anleggsmiddel			
Andre langsiktige krav		277 043	
Sum finansielle anleggsmiddel		277 043	
Sum anleggsmiddel	9	4 212 504	3 641 009
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundekrav	6, 10, 16	15 383 126	44 727 706
Opptent, ikkje fakturert inntekt		16 768 237	26 268 588
Fordring på føretak i same konsern	8, 9, 10		
Andre kortsiktige krav	7, 10	495 886	8 276 721
Sum krav	7, 10	32 647 249	79 273 015
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	17 716 564	25 522 139
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		17 716 564	25 522 139
Sum omløpsmiddel		50 363 813	104 795 154
SUM EIGEDELAR		54 576 317	108 436 163

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	14	15 000 000	15 000 000
Annan innskoten eigenkapital		5 730 266	5 730 266
Sum innskoten eigenkapital		20 730 266	20 730 266
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		5 292 476	5 820 727
Sum opptent eigenkapital		5 292 476	5 820 727
Sum eigenkapital	13	26 022 742	26 550 994
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter		277 043	
Utsett skatt	12		
Sum avsetjinger for plikter		277 043	
Anna langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		277 043	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	10	937 246	28 040 538
Betalbar skatt	12	1	
Skyldige offentlige avgifter		1 667 287	1 051 502
Gjeld til føretak i same konsern	8, 10	23 689 437	50 800 019
Anna kortsiktig gjeld	10	1 982 560	1 993 111
Sum kortsiktig gjeld	10	28 276 531	81 885 170
Sum gjeld		28 553 574	81 885 170
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		54 576 317	108 436 163



Til generalforsamlinga i Tussa-24 AS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Tussa-24 AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

PricewaterhouseCoopers AS, Langelandsvegen 35, NO-6010 Ålesund

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Melding frå uavhengig revisor - Tussa-24 AS

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 18. mars 2020
PricewaterhouseCoopers AS

Nils-Kristian Synes
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

(2)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Synes, Nils-Kristian	BANKID_MOBILE	2020-03-18 23:41

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



Årsrekneskap 2019 Tussa-24 AS

Årsmelding
Resultatrekneskap
Balanse
Kontantstrøm
Notar



Org.nr.: 983 450 326



ÅRSMELDING FRÅ STYRET I TUSSA-24 AS 2019

VERKSEMD OG LOKALISERING

Tussa-24 AS er eit dotterselskap i Tussakonsernet, heileigd av morselskapet Tussa Kraft AS. Selskapet vart etablert i juni 2001. Selskapet sitt forretningskontor er i Hovdebygda i Ørsta kommune.

Tussa-24 AS er konsernet sitt sals- og marknadsselskap og skal ha fokus på marknadsføring, sal og kundeservice. Selskapet har og produktansvar for kraftprodukta. I tillegg utfører selskapet marknadsføring og kundeservice for andre selskap i Tussa. Selskapet er delt inn i seksjonar for marknad, sal og ettermarknad.

VIDARE DRIFT

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er til stades, og at denne føresetnaden vart lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Tussa-24 AS er konsernet sitt sals- og marknadsselskap. Selskapet skal vere med å bidra til å føre Tussa sine produkt ut i marknaden på ein mest mogleg samordna, effektiv og målretta måte.

Kraftmarknaden vil også komande år vere prega av hard konkurranse og låge marginar. Tussa-24 AS vil vere synlege og offensive når det gjeld sal og marknadsføring av Tindekraft-produkta i denne marknaden. Vi skal vere tydelege på at vi har eit miljøvennleg produkt og ei sterk lokal forankring.

I bedriftsmarknaden skal vi selje på god produktbreidde og solid kompetanse innan ulike kraft- og energispareprodukt.

Tilbakemelding frå kundane er generelt gode. Vi skal ha fokus på å gjennomføre målretta kundeundersøkingar både for å måle kundebehandlinga og produktleveransane.

Korona-situasjonen som råka Norge våren 2020 har ført til store utfordringar både for næringslivet og privatpersonar, og aukar risikoen vår for økonomiske tap.

NÆRARE OPPLYSNINGAR OM ÅRSREKNESKAPEN

Etter styret si oppfatning gjev den framlagde resultatrekneskapen og balansen eit rettvisst bilete av verksemda si økonomiske drift og stilling ved årsskiftet.

Tussa-24 AS hadde eit driftsresultat for 2019 på 4,5 mill. kr. Det er 3,0 mill. kr betre enn i 2018. Resultat før skatt var på 4,1 mill. kr mot 0,9 mill. kr i 2018.

Kraft er det klart viktigaste produktet for resultatet i selskapet. Selskapet opererer i ein marknad med sterk konkurranse. Prissvingingar og usikkerheit knytt til forbruket til kunden pregar kraftmarknaden.

Selskapet har hatt fokus på kostnadskontroll og har god styring med kostnadsutviklinga.

Totalkapitalen var ved utgangen av året 54,6 mill. kr, samanlikna med 108,4 mill. kr året før.

Eigenkapitaldelen pr. 31.12.2019 er 47,7 % samanlikna med 24,5 % pr. 31.12.2018.

Endringar av tidspunkt for månadlege overføring av nettinntekter til Mørenett, som ein følgje av innføring av AMS, og etablering av Tussa 24 AS som eigen aktør på Nord Pool er dei faktorane som i størst grad påverkar endringane av total- og eigenkapitalen frå 2018 til 2019.

Kontantstraumen frå operasjonelle aktivitetar er 23,3 mill. kr, medan kontantstraumen frå finansieringsaktivitetar er på -30,3 mill. kr, på grunn av nedbetaling av kortsiktig gjeld. Det har vore utbetaling knytt til investeringsaktivitetar på 0,9 mill. kr.



FINANSIELL RISIKO

Selskapet er utsett for risiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft. For å redusere risikoeksponeringa knytt til kjøp av kraft nyttar selskapet futureskontraktar. Slike finansielle instrument er mest brukt til kraftkjøp som skal seljast ut igjen til fastpriskundar.

Selskapet sitt risikodokument set rammer for den finansielle handelen.

Tussa-24 AS har kredittrisiko knytt til uteståande kundefordringar. I tillegg til eigne fordringar frå sal av elektrisk kraft, overtok selskapet frå 2016 også kredittrisikoen knytt til gjennomfakturert nettleige frå nettselskapa.

Opgjersvalutaen for kraftkjøp på Nordpool er EURO. Dette medfører at Tussa-24 AS er utsett for valutaeksponering knytt til kraftkjøp.

Konsernet og dei einskilde selskapa sin likviditet vert tilpassa og styrt gjennom aktiv bruk av fleirkontosystemet. Dotterselskapa låner pengar i fleirkontosystemet eller dei bidreg med midlar til systemet. Det er morselskapet sitt ansvar å sørge for at lånesaldoen mot banken ligg på eit fornuftig nivå og innanfor den kredittramma som er innvilga.

Eksterne lån er som hovudregel teke opp i morselskapet Tussa Kraft AS. Døtrer i konsernet har ansvarlege lån hos mora og/eller dei låner pengar i fleirkontosystemet til flytande rente.

For nærare omtale vert det vist til note 16 til rekneskapen.

ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Arbeidsmiljøet i selskapet er godt. Det har ikkje vore ulykker eller skadar i tilknytning til drifta. Sjukefråværet i selskapet var på 6 %, som er 2 % lågare enn fjoråret.

Av Tussa-24 AS sine 15 fast tilsette og 1 midlertidig tilsett, er det 13 kvinner og 2 menn. Leiargruppa består av 3 kvinner og 1 mann. Tussa-24 AS sitt styre består av 1 kvinne og 2 menn.

Tussa-24 AS har ein personalpolitikk som er tilrettelagt slik at ein stimulerer til ei aktiv likehandsaming. Der er retningslinjer for tilsetjing som skal fremme likestilling, og eit lønssystem som er kjønnsnøytralt og skal hindre ulik handsaming. I tillegg er forholda lagt til rette med fleksible arbeidstidsordningar og permisjonsvilkår, noko som gjer det mogleg både for kvinner og menn å kombinere jobb og familie på ein best mogleg måte.

Selskapet arbeider aktivt for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, stillingsopprykk, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering.

MILJØRAPPORTERING

Tussa-24 AS si verksemd er ikkje slik at det forureinar det ytre miljøet.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Selskapet har ikkje hatt forskings- og utviklingsaktivitetar i 2019.



RESULTATDISPONERING

Styret sitt framlegg til disponering av årsresultatet er:

Disponering	Beløp
Årsresultat	3,1 mill. kr
Avgitt konsernbidrag med skattemessig effekt	-3,6 mill. kr
Motteke konsernbidrag utan skattemessig effekt	0,0 mill. kr
Endring eigenkapital	-0,5 mill. kr

Ørsta, 18.03.2020
Styret i Tussa-24 AS

Elling Andreas Dybdal
Styreleiar

Nina Melle Scharning
Styremedlem

Ivar Driveklepp
Styremedlem

Per Are Sørheim
Dagleg leiar



RESULTATREKNESKAP

TUSSA-24 AS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2019	2018
Energisal	3, 16	269 450 574	286 630 477
Anna driftsinntekt	3, 11	8 660 092	13 261 406
Sum driftsinntekter		278 110 666	299 891 884
Energikjøp og overføringskostnad	11, 16	243 738 283	267 624 963
Lønskostnad	4, 5	13 810 064	15 823 285
Avskrivning	2	672 504	747 029
Annan driftskostnad	4, 11	15 354 315	14 206 077
Sum driftskostnader		273 575 166	298 401 353
Driftsresultat		4 535 500	1 490 531
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekt fra føretak i same konsern		373 663	130 254
Anna finansinntekt	15	796 663	659 360
Rentekostnad til føretak i same konsern		1 634 258	1 331 554
Annan finanskostnad	15	7 762	6 325
Resultat av finansposter		-471 693	-548 265
Ordinært resultat før skattekostnad		4 063 807	942 266
Skattekostnad på ordinært resultat	12	947 669	392 884
Årsresultat	13	3 116 138	549 382
OVERFØRING			
Avsett til annan egenkapital		3 116 138	549 382
Sum overføringer		3 116 138	549 382



BALANSE

TUSSA-24 AS

EIGEDELAR	Note	2019	2018
ANLEGGSMIDDEL			
IMMATERIELLE EIGEDELER			
Programvarelisensar	2	1 048 915	1 319 883
Utsett skattefordel	12	2 401 362	2 321 126
Immaterielle egedelar under arbeid	2	485 184	0
Sum immaterielle egedelar	2	3 935 460	3 641 009
Andre langsiktige krav		277 043	0
Sum finansielle anleggsmiddel		277 043	0
Sum anleggsmiddel	9	4 212 504	3 641 009
OMLØPSMIDDEL			
KRAV			
Kundekrav	6, 10, 16	15 383 126	44 727 706
Opptent, ikkje fakturert inntekt		16 768 237	26 268 588
Andre kortsiktige krav	7, 10	495 886	8 276 721
Sum krav	7, 10	32 647 249	79 273 015
INVESTERINGAR			
Bankinnskott, kontantar og liknande	8	17 716 564	25 522 139
Sum omløpsmiddel		50 363 813	104 795 154
Sum egedelar		54 576 317	108 436 163



BALANSE

TUSSA-24 AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2019	2018
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	14	15 000 000	15 000 000
Annan innskoten egenkapital		5 730 266	5 730 266
Sum innskoten egenkapital		20 730 266	20 730 266
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan egenkapital		5 292 476	5 820 727
Sum opptent egenkapital		5 292 476	5 820 727
Sum egenkapital	13	26 022 742	26 550 994
GJELD			
AVSETJING TIL PLIKTER			
Pensjonsplikter		277 043	0
ØVRIG LANGSIKTIG GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld	10	937 246	28 040 538
Betalbar skatt	12	1	0
Skyldige offentlige avgifter		1 667 287	1 051 502
Gjeld til føretak i same konsern	8, 10	23 689 437	50 800 019
Anna kortsiktig gjeld	10	1 982 560	1 993 111
Sum kortsiktig gjeld	10	28 276 531	81 885 170
Sum gjeld		28 553 574	81 885 170
Sum egenkapital og gjeld		54 576 317	108 436 163

Ørsta, 18.03.2020
Styret i Tussa-24 AS

Elling Andreas Dybdal
Styreleiar

Nina Melle Scharning
Styremedlem

Ivar Driveklepp
Styremedlem

Per Are Sørheim
Dagleg leiar



INDIREKTE KONTANTSTRAUM

TUSSA-24 AS

	Note	2019	2018
KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR			
Resultat før skattekostnad		4 063 807	942 266
Ordinære avskrivningar	2	672 504	747 029
+/- Endring i kundefordringer og opptent inntekt	6, 10	38 844 931	-10 703 010
Endring i leverandørgjeld	10	-27 103 292	-38 080 298
Endring i andre tidsavgrensingsposter	10	6 856 560	-17 836 585
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		23 334 509	-64 930 599
KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR			
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		886 719	459 562
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-886 719	-459 562
KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR			
+/- Netto endring i konsernmellomværande	10	-28 965 111	88 346 854
Utbetalinger av konsernbidrag	13	1 288 254	2 440 511
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		-30 253 365	85 906 343
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-7 805 575	20 516 182
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av p		25 522 139	5 005 957
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av p	8	17 716 564	25 522 139



REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

KONSOLIDERING

Tussa-24 AS er eit 100 % eigd dotterselskap av Tussa Kraft AS, som har forretningskontor i Ørsta kommune, og vert konsolidert inn i deira konsernrekneskap.

Konsernrekneskapen er tilgjengeleg på www.tussa.no.

BRUK AV ESTIMAT

Når årsrekneskapen blir utarbeidd, blir det brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjinga av eigedelar og gjeld, i tillegg til usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen i samsvar med god rekneskapsskikk. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsvurderingar, høg grad av kompleksitet eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er skildra i notane.

VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir rekna om til norske kroner ved at ein nyttar kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målte til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målte til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir rekna om til valutakursen som blei fastsett på måletidspunktet.

Valutakursendringar blir resultatførte kontinuerleg i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

INNETEKTER

Inntektsføring ved sal av varer, herunder elektrisk kraft, skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Anleggsmidlar omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad, med fråtrekk for avskrivningar og nedskrivningar. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

Varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Vesentlege driftsmidlar som omfattar fleire større komponentar med ulik levetid, er dekomponerte med ulik avskrivningstid for dei ulike komponentane. Direkte vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsført kontinuerleg under driftskostnader, medan påkostnader eller betringar blir lagde til kostprisen på driftsmidlane og avskrivne i takt med driftsmidlane. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan vinnast att ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan vinnast att, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på transaksjonstidspunktet.

FORSKING OG UTVIKLING

Utgifter til forskning og utvikling blir balanseførte når ein kan identifisere ein framtidig økonomisk fordel som heng saman med utviklinga av ein identifiserbar immateriell eigedel, og når innkjøpskostnaden kan målast på ein påliteleg måte. I motsett fall blir slike utgifter kostnadsførte kontinuerleg. Balanseført forskning og utvikling blir skrive av lineært over økonomisk levetid.



FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For andre kundefordringar blir det gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje forventta tap på krav.

KORTSIKTIGE Plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og eignedelar som er vurderte som omløpsmidlar) blir vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbyte og andre utdelingar frå selskapa blir inntektsført som anna finansinntekt.

PENSJONAR – INNSKOTSBASERT ORDNING

Kostnaden til innskotsbasert pensjonsordning samsvarar med premien til forsikringsselskapet i perioden.

OPPSTILLING AV KONTANTSTRAUM

Oppstillinga av kontantstraumen er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

SKATT

Skattekostnaden i resultatrekneskapan omfattar både skatten som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Netto utsett skattefordel blir balanseført dersom det er truleg at denne kan bli utnytta.



NOTE 2 IMMATERIELLE EIGEDELAR

	Programvare- lisensar	Sum
Kostpris pr. 01.01.2019	2 386 231	2 386 231
Tilgang kjøpte immatrielle eigedelar	401 536	401 536
Avgang selde immatrielle eigedelar	0	0
Innkjøpskostnad 31.12.2019	2 787 767	2 787 767
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2019	1 738 851	1 738 851
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2019	0	0
Bokført verdi per 31.12.2019	1 048 915	1 048 915
Avskrivningar i år	672 504	672 504
Nedskrivningar i år	0	0
Avskrivningstid	3-5 år	

Per 31.12.2019 er det bokført kr. 485 184 som gjeld softwareutvikling som enno ikkje er aktivert. Aktivisering skjer etter kvart som funksjonaliteten vert sett i drift.

NOTE 3 SALSINNTEKTER

	2019	2018
Per driftsområde		
Energisal sluttbrukar	258 745 933	264 800 096
Energisal engros	10 704 640	21 830 382
Andre inntekter	8 660 812	13 261 406
Sum	278 111 385	299 891 884

Andre inntekter er knytt til sal av energiøkonomiseringsprodukt, fakturering- og innfordringstenester samt marknadsføringstenester.



NOTE 4 LØNSKOSTNADER OG YTINGAR, GODTGJERINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

Lønskostnader	2019	2018
Løn	10 802 296	11 411 610
Arbeidsgjevaravgift	1 736 535	1 882 231
Pensjonskostnader	933 841	1 460 793
Aktivert lønskostnad	-485 594	-256 358
Anna personalkostnad	822 986	1 325 010
Sum	13 810 064	15 823 285

Selskapet har i 2019 sysselsett 17 årsverk.

PENSJONSFORPLIKTINGAR

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstillar krava i denne lova.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 272 779	0
Pensjonskostnader	153 462	0
Anna godtgjering	10 430	0
Sum	1 436 671	0

Dagleg leiar har personleg pensjonsavtale med arbeidsgjevar for lønn utover 12G. Utover dette har verken dagleg leiar eller styreleiar avtalar som forpliktar selskapet ved opphøyr eller endring av tilsetjingstilhøve eller verv.

REVISOR

Godtgjersle til revisor fordelar seg på følgjande måte:

Tenestetype	2019
Lovpålagt revisjon	127 156
Andre attestasjonstenester	5 000
Skatterådgjeving	6 515
Andre tenester utanfor revisjonen	2 520
Totalt	141 191

NOTE 5 INNSKOTSPENSJON

Tussa-24 AS har innskotsplanar i samsvar med lov om innskuddspensjon. Innskotsplanen omfattar tilsette over 20 år og med stillingsstorleik over 20%. Sparinga utgjorde i 2019 6 % av løn mellom 0 og 7,1 G, og 15 % på løn mellom 7,1 og 12 G. Per 31.12.2019 var det 16 medlemmer i ordninga.

I tillegg er det avtale om supplerande innskotspensjon for 2 tilsette i selskapet.

Kostnadsført innskot utgjorde NOK 933 841 og NOK 1 460 793 i høvesvis 2019 og 2018.



NOTE 6 KUNDEFORDRINGAR

	2019	2018
Kundefordringar til pålydande	16 383 126	45 727 706
Avsetning til tap	1 000 000	1 000 000
Balansført verdi av kundefordringar 31.12	15 383 126	44 727 706
Endring i avsetning til tap	0	0
Realiserte tap	204 225	-237 180
Innbetalt på tidlegare tapsførte fordringar	3 734	0
Sum resultatførte tap på krav	200 491	-237 180

Årets avsetning til tap er ei skjønsmessig vurdering basert på historiske data og kundefordringar per 31.12.2019. Vi ventar auke i tap på grunn av gjennomfakturering av nettleige.

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.

NOTE 7 FORDRINGAR OG GJELD

Tussa-24 AS har ingen fordringar med forfall seinare enn eitt år.

Tussa-24 AS har ingen gjeld sikra med pant til kredittinstitusjonar.

NOTE 8 BANKINNSKOT OG KASSAKREDITT

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 574 881.

Tussa-24 AS sin kassakreditt er knytt opp mot konsernet sitt fleirkontosystem. Morselskapet Tussa Kraft AS er konsernkonto innehavar medan dotterselskapa er deltakarar i systemet.

Pr. 31.12.2019 trekkjer Tussa-24 AS MNOK 18,4 i fleirkontosystemet.

Innvilga kreditt for konsernet er 100 mill. kr.

Nytta kassakreditt for konsernet pr. 31.12.2019 er 6 mill. nok

NOTE 9 GARANTI- OG KAUSJONSANSVAR

Tussa-24 AS er saman med dei andre heileigde dotterselskapa i konsernet solidarisk ansvarleg for uteståande på kassakreditten i fleirkontosystemet med eit beløp på inntil MNOK 50.

Nordea Bank Norge ASA har per 31.12.2019 stilt leverandørgarantiar på vegne av Tussa-24 AS på tilsaman MNOK 39,0.



NOTE 10 MELLOMVÆRE MED SELSKAP I SAME KONSERN

	2019	2018
Fordringar		
Lån til føretak i same konsern	0	0
Kundefordringar innanfor konsern	63 100	124 707
Andre kortsiktige fordringar konsern	0	0
Sum	63 100	124 707
Gjeld		
Lån frå føretak i same konsern	0	0
Leverandørgjeld innanfor konsern	739 946	-1 575 851
Skyldig konsernbidrag	4 672 293	1 288 254
Påløpt kostnad konsern	659 489	2 188 999
Anna kortsiktig gjeld	18 357 655	47 322 766
Sum	24 429 383	49 224 168

NOTE 11 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 4, og mellomverande med konsernselskapa er omtalt i note 10.

Selskapet sine transaksjonar med nærstående partar:

	2019	2018
Sal av varer og tenester		
Straum		
- Konsernselskap	3 579 300	3 793 976
- Andre nærstående selskap	1 855 789	1 733 383
Tenester		
- Konsernselskap	4 668 483	4 395 877
- Andre nærstående selskap	0	124 168
Sum sal av varer og tenester	10 103 572	10 047 404

	2019	2018
Kjøp av varer og tenester		
Varer		
- Konsernselskap	6 706 527	168 650 771
Tenester		
- Konsernselskap	5 226 791	5 469 959
- Andre nærstående selskap	355 992	511 295
Sum sal av varer og tenester	12 289 310	174 632 026



NOTE 12 SKATT

Skattekostnad dette året	2019	2018
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Skatt som skal betalast	1 027 905	1 288 254
Endring i utsett skattefordel	-80 236	-895 370
Skattekostnad ordinært resultat	947 669	392 884

Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	4 063 807	942 266
Permanente skilnader	243 776	307 208
Endring i mellombelse skilnader	364 711	4 351 631
Avgjeve konserntilskott	-4 672 293	-5 601 104
Skattepliktig inntekt	1	0

Skatt i balansen som skal betalast:		
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	1 027 905	1 288 254
Skatt på avgjeve konserntilskott som skal betalast	-1 027 904	-1 288 254
Sum skatt i balansen som skal betalast	1	0

Utrekning av effektiv skattesats:		
Resultat før skatt	4 063 807	942 266
Skatt rekna av resultat før skatt	894 037	216 721
Skatteeffekt av permanente forskjellar	53 631	70 658
Effekt av endring av skattesats	0	105 506
Sum	947 668	392 885
Effektiv skattesats	23,3 %	41,7 %

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader:

	2019	2018	Endring
Varige driftsmiddel	-504 990	-377 571	127 419
Fordringar	-1 277 043	-1 000 000	277 043
Andre skilnader	-9 133 249	-9 173 000	-39 751
Sum	-10 915 282	-10 550 571	364 711
Utsett skattefordel (22 %)	-2 401 362	-2 321 126	80 236
Effekt av endring av skattesats			105 506



NOTE 13 EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Overkurs	Annan Innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2018	15 000 000	0	5 730 266	5 820 727	26 550 994
Endringar førte mot EK				0	0
Per 01.01.2019	15 000 000	0	5 730 266	5 820 727	26 550 994
Årsresultat				3 116 138	3 116 138
Avgitt konsernbidrag				-3 644 389	-3 644 389
Per 31.12.2019	15 000 000	0	5 730 266	5 292 476	26 022 742

NOTE 14 AKSJONÆRAR

AKSJEKAPITALEN I TUSSA-24 AS PR. 31.12 ER SETT SAMAN AV:

	Totalt tal aksjar	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	150 000	100,0	15 000 000
Sum		150 000	15 000 000

EIGARSTRUKTUR

Dei største aksjonærane i % pr. 31.12 var:

	Ordinære	Eigarandel	Stemmedel
Tussa Kraft AS	150 000	100,0	100,0
Totalt antal aksjar	150 000	100,0	100,0

NOTE 15 POSTAR SOM ER SLÅTT SAMAN I REKNESKAPEN

Finansinntekter	2019	2018
Anna renteinntekt	567 062	657 578
Anna finansinntekt (agio)	229 601	1 782
Sum finansinntekter	796 663	659 360
Finanskostnader	2019	2018
Annan rentekostnad	5 762	4 791
Annan finanskostnad (disagio)	2 000	1 533
Sum finanskostnader	7 762	6 325
Sum finanspostar	788 901	653 035



NOTE 16 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Tussa-24 AS nyttar seg av ulike finansielle instrument i samband med styringa av finansiell risiko.

KRAFTHANDEL

Tussa-24 AS er utsett for prisrisiko både i samband med kjøp og sal av elektrisk kraft.

For å redusere risikoeksponeringa knytt til kjøp av kraft nyttar Tussa-24 AS ulike finansielle instrument, slik som futurekontrakter. Det er i hovudsak knytt til kraftkjøp som skal seljast til fastpriskundar at ein nyttar slike instrument. Tussa-24 AS har utarbeidd risikodokument som set rammer for den finansielle handelen.

Resultatet frå sikringsbokføringa i 2019 var ein gevinst på 3,3 MNOK. Sikringshorisonten er 1-3 år.

Realiserte tap/gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Verdien av sikringsporteføljen per 31.12.2019 er om lag 0,6 MNOK.

KREDITTRISIKO

Tussa-24 AS har kredittrisiko knytt til uteståande kundefordringar. I tillegg til eigne fordringar frå sal av elektrisk kraft, overtok selskapet frå 2016 også kredittrisikoen knytt til gjennomfakturert nettleige frå nettselskapa.

VALUTARISIKO

Tussa-24 AS kjøper all elektrisk kraft frå Nordpool, og oppgjørsv valutaen er EURO. Dette medfører at Tussa-24 AS er utsett for valutaeksponeringa knytt til kraftkjøp.

LIKVIDITETSRISIKO

Finansieringa av selskapet er basert på bankfinansiering gjennom konsernet.

Sjå note 8 for informasjon om unytta trekkrett.